



Statens vegvesen Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Dokumenter og justertert møtereferat - Lindås - fv 57 - Skodvin Vågseidet - gang og sykkelveg - detaljregulering - ref 15/511 FMHO

Vi viser til samordna uttale med motsegn datert 11.10.2018. Vi viser også til møte med Statens vegvesen og Lindås kommune den 29.03.2019 der Statens vegvesen presenterte eit forslag til løysing. Statens vegvesen ønska ei skriftlege tilbakemelding etter møtet og sendte over reviderte dokument den 13.05.2019. Fylkesmannen beklagar at den skriftlege tilbakemeldinga ikkje kjem før no.

Fylkesmannen har sett igjennom endringane som er gjort. Vår vurdering er at dei ikkje er gode nok for å sikre forsvarleg forvaltning av Fjellangervåg.

I planskildringa er det lagt inn ein tekst om Fjellangervågen og det er lagt inn nokre nye punkt i innspel til YM-plan. Fylkesmannen meiner at for dei konkrete forholda som vi er uroa for, så kan ikkje dette arbeide skyvast på til YM-plan, men må løysast på reguleringsplannivå. Vi meiner difor at planskildringane i større grad må skildre kva avrenning ein kan forvente, både frå anleggsfasen og frå drift av vegen (til dømes salting), og kva moglegheiter ein har for å hindre avrenning. Det må kartleggast kor i planområdet det er fare for avrenning og plankartet bør få ei omsynssone/føresegnssone. Planskildringen må skildre kva verknad tiltaket vil ha på økosystemet i Fjellangervåg jf. plan og bygningslova (pbl.) § 4-2.

Når ein har vurdert kva avrenning ein kan forvente og kva tiltak som er naudsynt for at avrenning til Fjellangervåg skal vere på eit berekraftig nivå, må dette sikrast i føresegna. Det er tatt inn fleire nye føresegn i planforslaget, men fordi det ikkje er klart kva som er naudsynt er det vanskeleg å vurdere om det er tilstrekkeleg.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ